

KVINNHERAD BYGG AS  
Seimsvegen 140  
5472 SEIMSFLOSS

---

Dato	12.05.2026
Vår referanse	2026/29727-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørn Skorpa Eikeland
E-post	Bjorn.Skorpa.Eikeland@vlfk.no
Telefon	47248274

**Svar på nabovarsel - planere tomter og bygge kai - gnr. 121 bnr. 3 - Uskedalen - Kvinnherad kommune**

Vi viser til nabovarsel av 11.05.2026.

Varselet gjeld planering av tomter og bygging av kai i samsvar med reguleringsplan.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, mottok nabovarsel som nabo og eigar av fylkesveg.

Som nabo har me ingen merknader til nabovarselet.

Vestland fylkeskommune har også ei rolle som vegstyresmakt. Vi vil på generelt grunnlag opplyse om at fylkeskommunen som vegstyresmakt:

- skal behandle eventuelle søknader om avkøyrsløse eller dispensasjon frå byggegrense etter veglova.
- har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova kap. 19 når saka direkte vedkjem vårt saksområde.
- har rett til å uttale seg til saker som fell inn under den kommunale bygningsstyresmakta si samordningsplikt, jmfør plan- og bygningslova § 21-5.

Vi gjer merksam på at det kan vere andre avdelingar i fylkeskommunen som kan ha interesser i saka. Dette vil bli gjort greie for når fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt får saka på høyring frå kommunen.

Med helsing

Eva Sundal  
fagkoordinator  
INV - Vegforvaltning VestlandBjørn Skorpa Eikeland  
seniorrådgjevar  
INV - Vegforvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

KVINNHERAD KOMMUNE

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL